



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/2486-7

**Klage på avslag på søknad om gjesteelevgaranti for elevplass ved
Meråker videregående skule i Nord-Trøndelag - Elisabeth Steinfeld
Leganger**

... Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følgje.

... Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

- Søknad om gjesteelevgaranti (med vedlegg: kopi av resultat og diplom), 01.03.16
- Vedtak om avslag, 12.04.16
- Klage med vedlegg (resultat), 02.05.16
- Uttale frå leiar i DFS Fjordane krets, 09.05.16
- Underinstansen sitt svar på klagen, 09.05.16

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Oversendingsbrev frå underinstansen, 10.05.16

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Ved brev av 01.03.16 søkte Elisabeth Steinfeld Leganger om gjesteelevgaranti for elevplass ved Meråker videregående skole i Nord-Trøndelag, for skuleåret 2016/17. Søknaden gjaldt idrettslinja - «idrett skyting». Som grunnlag for søknaden viste Leganger mellom anna til resultat frå Lands-skytterstevnet og Vestlandsstevnet, samt diplom for mest framgangsrike ungdomsskytтар i Sunnfjord i 2014, jf. vedlegg 1.

I vedtak av 12.04.16 avslo fylkesdirektøren for opplæring søknaden. Fylkesdirektøren viste til § 2 i fylkeskommunen si lokale inntaks- og formidlingsforskrift, vedteken av FT i sak 28/2014. Fylkesdirektøren meiner fylkeskommunen kan tilby det aktuelle programmet, og skriv at søker ikkje har vist til tungtvegande grunnar som grunnlag for søknaden. Ut frå dokumenterte resultat kan ikkje fylkesdirektøren sjå at klagar er i landstoppen innanfor sitt område.

Anne Grethe Steinfeld har klagt på vedtaket på vegner av dottera, jf. brev av 02.05.16. Ho viser til Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endringar i opplæringslova. Dersom lovforslaget blir ved-teke, må fylkeskommunen uansett finansiere siste to åra for søker på Meråker. Det beste vil vere om ho også får ta første året på same skule, slik at ho får eit heilskapleg utdanningstilbod med stabilitet.

Klagar meiner vidare at det ikkje berre er resultat som bør vektleggast så tidleg i ein idrett som skyting, og syner til at Leganger kom forholdsvis seint inn i sporten, og har gjort stor framgang raskt. Av klagan går det fram at på landsskyttarstemne i fjor var Elisabeth 3. beste i feltskyting frå sitt fylke, og den beste frå Sunnfjord Skyttarsamlag. Klagar skriv vidare at det er små marginar i skyting, og at det er fleire enn dei tre beste av 400 startande som viser gode skyteferdigheiter.

Dersom klagar skal gå på skule i Sogn og Fjordane må ho reise langt for å trenere. Viss klagar får gjesteelevplass, slepp fylkeskommunen å betale skysskostandar for klagar.

På bakgrunn av ovannemnde bad klagar om ei ny vurdering av spørsmålet om gjesteelevgaranti.

Fylkesdirektøren har vurdert klagen frå Leganger som underinstans. I brev av 09.05.16 held fylkesdirektøren fast på vedtaket sitt.

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegeringsreglementet kapittel 3.21, punkt 4.

2. Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lære plass i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkeskommunen gir gjesteelevgaranti etter særskilde vilkår i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta, fastsett av FT 14.10.14. Dersom ein søker får gjesteelevgaranti, må søkeren konkurrere på lik line med søkerarar i opplæringsfylka. Dersom vedkomande får plass gjennom slik konkurranse, betalar fylkeskommunen for skuleplassen.

Forskrifta § 2 lyder som følgjer:

«*For søkerar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar eller gje gjesteelevgaranti i andre fylke.*

[...]

Fylkesrådmannen kan gje gjesteelevgaranti for søkerarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette».

Fylkestinget presiserte omgrepene «*tungtvegande grunnar*» i sak 19/2015, og gjorde følgjande vedtak:

1. Kriterium for tungtvegande grunnar vert å forstå slik:

- a. Det må ligge føre dokumenterte medisinske grunnar frå søker, og/eller
- b. Det må ligge føre dokumenterte sosiale grunnar frå søker, og/eller
- c. Søker må dokumentere at han eller ho har ferdigheter på eit svært høgt nivå. I kva grad søker med dokumentert høge ferdigheter kan utvikle seg med tilrettelegging i vidaregåande opplæring i vår eigen fylkeskommune, vil bli vektlagd i vurderinga. Det er ein vidare føresetnad at det heller ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innan området der søker kan dokumentere særslig høge ferdigheter. Det er avgjerande at søker kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område. Dokumentasjon på oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.
- 2. Ferdigheter elles vert ikkje rekna som tungtvegande grunnar ved spørsmål om kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti i andre fylkeskommunar, der vi har eit «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidretts utøvarar.

3. Vurderingar og konsekvensar

«Tilbod som fylkeskommunen ikkje tilbyr»

Klagar har søkt om gjesteelevgaranti for elevplass på «idrett skyting» på idrettslinja på Meråker videregående skole.

Etter den lokale inntaksforskrifta § 2 kan fylkeskommunen gi gjesteelevgaranti til andre fylke for søkerar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr. Som fylkesdirektøren påpeikar i vedtaket av 12.04.16 knyter retten til vidaregåande opplæring seg til utdanningsprogram og ikkje til programfag. Det avgjerande er om fylkeskommunen kan tilby det aktuelle utdanningsprogrammet, ikkje om ein har «*lokale variantar, som t.d. skyting, hest og piano*».

Vidare går det fram av fylkesdirektøren sitt vedtak at Sogn og Fjordane fylkeskommune kan tilby det aktuelle utdanningsprogrammet.

«Tungtvegande grunnar»

Då fylkeskommunen kan tilby utdanningsprogrammet som søknaden gjeld, blir spørsmålet om ein etter ei individuell vurdering kjem til at det ligg føre «*tungtvegande grunnar*» for å gi gjesteelevgaranti for søker, jf. forskrifta § 2.

Søker har ikkje vist til medisinske eller sosiale grunnar som grunnlag for søknaden. Som fylkesdirektøren legg fylkesrådmannen difor til grunn at det ikkje ligg føre slike tungtvegande grunnar.

«Svært høgt nivå»

Problemstillinga blir då om søker har dokumentert at ho har «*ferdigheiter på eit svært høgt nivå*», jf. FT sitt vedtak i sak 19/2015, punkt 1 c. Fylkestinget presiserte i vedtaket at «*[d]et er avgjerande at søker kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område*». Oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/ internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.

For å avgjere om søker har ferdigheiter på eit svært høgt nivå bad opplæringsavdelinga kretsleiar i det frivillige Skyttervesen (DFS) om å vurdere klagar sine resultat, og gi ein uttale om nivået. Kretsleiar skriv at han sjølvsagt ønskjer at forholda blir lagde best mogleg til rette for at unge skyttarar får satsa og utvikla seg, og at han helst ser at alle som ønskjer det kan få eit slikt tilbod som Meråker gir. Som «*svar på den konkrete bestillinga frå fylkeskommunen*» skriv han likevel at han kan «*skrive under på at søkeren kan vise til mange gode resultat (har eit «høgt nivå»), men at ho i dag nok ikkje er «i landstoppen»*».

Fylkesdirektøren kunne ikkje sjå at dei dokumenterte resultata er i landstoppen innan området, og fann såleis ikkje grunnlag for å gjere om si avgjerd om avslag.

Som grunnlag for søknaden la Leganger ved resultat frå Landsskytterstevnet 2015, Vestlands-stemnet 2015, Olsokstemne 2015 og LerumCup, samt diplom for mest framgangsrike ungdomsskyttar i Sunnfjord i 2014, jf. vedlegg 1 og 3. Fylkesrådmannen sluttar seg til kretslearen og fylkesdirektøren sine vurderingar, og kan ikkje sjå at klagar har dokumentert å vere i landstoppen innan sitt område. Klagar har gjort gjeldande at det ikkje berre er resultat som bør vektleggast så tidleg, og at det er små marginar i skyting. Då det går klart fram av FT sitt vedtak at det er avgjerande at søker kan dokumentere å vere i landstoppen, finn ikkje fylkesrådmannen grunnlag for å gjere om fylkesdirektøren sitt vedtak om avslag på søknaden om gjesteelevgaranti.

At Kunnskapsdepartementet har sett fram forslag om friare skuleval på tvers av fylkesgrensene (Prop. 72 L (2015-2016)), har ikkje verknad for avgjerda. Fram til ei ev. lovendring legg fylkesrådmannen den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta til grunn.

4. Økonomiske konsekvensar ved gjesteelevgaranti

Dersom fylkesutvalet gir Leganger gjesteelevgaranti, og ho kjem inn på «idrett skyting» på Meråker vgs., må fylkeskommunen betale for skuleplassen etter satsar fastsett av KS. For kalenderåret 2016 vil ein gjesteelevplass i dette tilfellet medføre ein kostand for fylkeskommunen på 105 700 kroner for eit skuleår, jf. KS sitt skriv av 30.03.16 om gjesteelevsatsar.

<http://www.ks.no/globalassets/vedlegg-til-hvert-fagomrader/utdanning-og-oppvekst/skole/gjesteelevssatser/satser-for-gjesteelever-i-videregående-opplaring-for-kalenderaret-2016.pdf>

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagar har dokumentert at ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå, og er i landstoppen innanfor sitt område. Fylkesrådmannen tilrar at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagan til følge.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑